

## Saksprotokoll i hovudutval for næring - 23.03.2021

**Mark Taylor (MDG)** sette på vegner av A, Frp, H, MDG, Sp, SV, V, Krf, U fram slikt forslag:

«Tillegg

6. Høyringsinstansane er bedt om innspel til betydinga seglingsrutar (seglingskorridorar) vil ha for mobile akvakulturanlegg til havs. Vestland fylkeskommune ser at slike mobile anlegg kan påverke fiskeri, skipstrafikk, friluftsliv, reiseliv, forsvaret, petroleumsverksemd, fornybar energi, rørleidningar, el-kablar, lagring av CO2 under havbotnen og mineralutvinning på havbotnen. Vestland fylkeskommune peikar på at marine næringsparkar kan vere ein god måte å dempe konfliktar mellom næringsaktørar som vil bruke same havareal, samt betre samarbeid og samhandling mellom ulike interesser til havs.»

**Aleksander Øren Heen (Sp)** sette på vegner av A, MDG, Sp, SV, V, Krf fram slikt forslag:

«Tillegg

7. Vestland fylkeskommune syner til at det er planlagt å gje fiskeridirektoratet mynde til tildeling av konsesjonar til havs. Dette meiner fylkeskommunen er uheldig då fiskeridirektoratet også er tilsynsmynde. Vestland fylkeskommune ynskjer tildelingsløyve også til havs.»

### **Avrøysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag som innstilling til fylkesutvalet vart samrøystes vedteke.

Taylor sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Øren Heen sitt forslag vart vedteke med 10 røyster mot 5 (H, Frp).

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Vestland fylkeskommunen stør framlegga som gjeld betra regelverk i driftsfasen for akvakultur, og forventar at dette blir rasjonelt for forvaltninga og næringa. Dette samstundes som omsynet til miljø blir ivareteke gjennom krav i akvakulturdriftsforskrifta.

2. Vestland fylkeskommune er positiv til dei føreslegne endringane som medfører ei ansvarleggjering av vare- og tenesteprodusentane i akvakulturnæringa.

3. Vestland fylkeskommune stør framlegget om ei sikkerheitssone på 500 meter rundt akvakulturanlegg til havs.

4. Vestland fylkeskommune forventar at regjeringa kjem tilbake med ein grundigare prosess for korleis havbruk til havs skal organiserast og at det vert teke omsyn til dei regionale interessene. Temaet bør takast med i regjeringa sin nye havbruksstrategi som er under arbeid.

5. Vestland fylkeskommune tilrår at det på sikt blir laga ei eiga tildelingsforskrift for havbruk til havs som omfattar fleire artar enn laks, og oppmodar om at fylkeskommunane som tildelingsstyresmakt vert tekne med i prosessen og får ei forskriftsfesta rolle i tildelingsprosessen.

6. Høyringsinstansane er bedt om innspel til betydinga seglingsrutar (seglingskorridorar) vil ha for mobile akvakulturanlegg til havs. Vestland fylkeskommune ser at slike mobile anlegg kan påverke fiskeri, skipstrafikk, friluftsliv, reiseliv, forsvaret, petroleumsverksemd, fornybar energi, rørleidningar, el-kablar, lagring av CO2 under havbotnen og mineralutvinning på havbotnen. Vestland fylkeskommune peikar på at marine næringsparkar kan vere ein god måte å dempe konfliktar mellom næringsaktørar som vil bruke same havareal, samt betre samarbeid og samhandling mellom ulike interesser til havs.

7. Vestland fylkeskommune syner til at det er planlagt å gje fiskeridirektoratet mynde til tildeling av konsesjonar til havs. Dette meiner fylkeskommunen er uheldig då fiskeridirektoratet også er tilsynsmynde. Vestland fylkeskommune ynskjer tildelingsløyve også til havs.